

# Årsmelding for Naturvernforbundet Hordaland 2001

Årsmelding for perioden 17.03.2001-15.02.2002

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) hadde pr. 31. desember 2001 1648 medlemmer. Dette er 199 fleire enn per 5. februar same år. Medlemstalet auka med nærare 14%. Samanlikna med den store nedgangen i 2000 (nedgang på 20%), er dette ei gledeleg utvikling. Mykje av dette skuldast at medlemsregisteret sentralt har fungert betre i år enn i fjor, men også at vi har hatt ein del nyverving (om lag 65 personar).

## Lokallag

NVH hadde i 2001 13 lokallag: Ølen, Etne, Bømlo, Stord, Tysnes, Jondal, Kvinnherad, Kvam, Voss, Os, Askøy og Studentlaget i Bergen. Fylkeslaget fungerer som lokallag og prøver i tillegg å ta opp saker i kommunar der vi ikkje har lokallag. Laga har varierende aktivitetsnivå, avhengig av menneskelege ressursar og aktuelle saker.

## Styret

NVH sitt styre har bestått av Arild Hermstad (leiar fram til sommaren-01), John Martin Jacobsen (nestleiar), Kari Vogt, Eva Fidjestøl, Kari Olrich Sørebo, Silje Strand og Bård Hobæk (NU). Vararepresentantar har vore Aud Karin Oen, Bjarte Bjørsvik, Arild Høvik Hansen, Anders Bjordal, Sigrun Haarklau (landsstyrerepresentant) og Vigdis Hobøl (NU). Edvard Sandvik vart valt inn som vara hausten 2001. Arild Hermstad flytta til Oslo i juni og styret har hatt ein flat struktur med eit styreutval (Silje Strand, Edvard Sandvik og John Martin Jacobsen) ut dette året. Kari Olrich Sørebo flytta til Telemark i sommar.

## Gruppene

Hausten 2001 har vore prega av høg aktivitet i Naturvernforbundet Hordaland enn det ein har hatt på lenge. Silje Strand vart hausten –01 tilsett på eit organisasjonsutviklingsprosjekt, og vi kan i dag skilte med ei Sellafieldgruppe, ei gassrøyrgruppe, ei kollektivgruppe og ei naturverngruppe som delvis har vore aktiv. Dei viktigaste emnene vi har arbeidd med i 2001 har vore:

### *Sellafield*

Sellafieldgruppa starta opp i august 2001 med ca 10 medlemmer. Vi har hatt regelmessige møter, i lange periodar så ofte som ein gong i veka. Sidan starten har vi utført desse aktivitetane:

1. Seminar om Sellafield 13. og 14. oktober i Bergen, der vi samla representantar frå dei fleste norske miljøorganisasjonane, Strålevernet, Havforskningsinstituttet, Norske Fiskeoppdretteres Forening, Nei til Atomvåpen og ein uavhengig forskar frå Wales. Vi fekk god pressedekning.
2. Brev til statsminister Bondevik med kopi til Prime Minister Tony Blair frå seminaret. Vi har fått utførlege svar frå begge.
3. 3000 protest postkort sendt til Tony Blair.
4. Deltaking på Synergi 21 i Stavanger 17. til 19. oktober 2001 med informasjon om NVH og Sellafieldprosjektet vårt.
5. Foredrag i foreiningar og politiske parti med informasjon om NVH og Sellafield
6. Skulebesøk
7. Kronikk i BT og Fred og Frihet
8. Deltaking i avisdebatt
9. NaturVest nr 5-2001 som hadde Sellafield som hovudtema

10. Langtkomen planlegging av ein internasjonal Konferanse om Sellafield parallelt med Nordsjøkonferansen i Bergen 20. og 21. mars 2002. Her er planen å samle representantar frå dei store miljøvernorganisasjonane omkring Nordsjøen for å markere eit felles syn på utsleppa frå Sellafield og La Hague. Dette vil vi formulere i eit skriv som skal vere både politisk og godt fagleg fundert, og som skal overrekkjast til ministrane på Nordsjøkonferansen.

### ***Gassrøyr***

Våren 2001 starta gassrøyr-gruppa opp. Gruppa arbeider mot bygging av gassrøyr frå Øygarden til Bergen, og mot direkte bruk av gass til energiføremål. Framtidas energisystem må i staden ta utgangspunkt i fornybare og CO2-frie energikjelder.

På våren brukte gruppa mest tid på å skulere seg. På hausten låg det mest arbeid i å skrive høyringsuttalelse på konsekvensutgreinga frå Naturgass Vest. Fleire av medlemmene i gassrøyrgruppa er med i NNVs klima- og energiutval. I januar 2002 arrangerte desse eit internseminar i Bergen for NNV om direkte bruk av gass.

### ***Kollektivgruppa***

Kollektivgruppa starta opp i januar 2002. Gruppa arbeider for ein betra kollektivtrafikk i Bergen, der ein mellom anna ynskjer å satse på fleire avgangar for bussane (noko som er på veg), kun ei takstzone på bussane i Bergen, eit lettare billetteringssystem, prioritering i lyskryss m.m. Medlemene i gruppa har lang fartstid innan samferdsleproblematikk i Bergen og omegn, og ein har store planar utover året.

### ***Naturvern/arealplanleggjing***

Naturverngruppa har hatt ein del arbeid med høyringsfråsegner dette året, til dels i samarbeid med Naturvernforbundet sentralt. Ein har skrive høyringsfråsegner om:

1. Liberalisering av lov om motorferdsle i utmark. NVH har frårådd dette.
2. Urbyggjing av hytteområdet i Opo-vassdraget og byggjing av kraftverk i det same området. Dette er eit varig verna vassdrag.
3. Forslag om vern av ei rekkje vassdrag i Hordaland som ei supplering av verneplan IV (eller i realiteten byrjinga på verneplan V). Birger Refsdal har vore sentral i arbeidet med dette og forslaget har vore stila til Samarbeidsrådet for naturvernsaker og Naturvernforbundet sentralt.
4. Nasjonal Transportplan. Høyringsfråsegn skrive i samarbeid med Kollektivalliansen. Her har ein m.a. fokusert på krav om konsekvens- og miljøanalyse av "Sjølinjen" (Søndre innfartsåre) der ein m.a. har to store vegkryss: På Hop og Fjøsanger.

Andre viktige saker for gruppa har vore:

- vern av randsonene til Byfjella m.a. gjennom befaringar til Krohnegården, Nils Langhelles veg og Langedgården
- å setje i stand Stølsheimen landskapsvernområde etter anleggsdrift v. B. Refsdal
- arealplan for Eidfjord kommune som sterkt råkar LNF-område (landskaps- natur, og friluftsområde) og turstiar inn i nasjonalparken, dessutan vernesona for vassdrag v. Kari Vogt.
- Støtte til Jernbanverket sitt ynskje om ny tunnel Bergen-Arna
- Fråråding av byggjing av Ulrikstunnel
- Fråsegner mot ny kyststamveg

I tillegg har NVH hatt fylgjande arrangement saman med Bergen Turlag:

Byfjellsdagen 8. september. Natursti for barn ved Åsebu med sal av artiklar og premiar for vinnarar av natursti-konkurransen. Tre tematurer i fjor: 6. mai til ”natur”-skulen Gjerde skule, 10. juni langs den nyrestaurerte postvegen i Lindås og 26. august tur til Austevoll, Huftarøy, Selbjørn og Bekkjærвик/Kvalevåg med retur via Storebø og Hufthamartunet.

### ***Sykkel***

NVH var i 2001 arrangør for Sykkeldagen, slik organisasjonen også var året før. Sykkeldagen vart halden søndag 17.juni. Mange frivillige medlemmer slutta godt opp om arrangementet, og sivilarbeidarane gjorde også ein kjempejobb. Dagen hadde strålende sol, og syklistar viste godt igjen i bybiletet i Bergen sentrum. På sjølve Festplassen hadde vi 400 deltakarar, som vart underhaldne frå scena etter å ha sykla i kolonner inn til sentrum (som var delvis bilfritt denne dagen) .

Prosjektet var initiert av Sykkel i Sentrum, og hovudsakleg finansiert av Statens Vegvesen og Bergen kommune. Mekonnen Germiso var tilsett på prosjektet frå primo mars til ultimo juni. I tillegg til sjølve arrangementet, ytte NVH assistanse til Hordaland bedriftsidrettskrins sin ”Sykle til jobben- kampanje”, og samarbeidde med Bergen kommune om bilfri dag - arrangementet 17.juni. De fire månadene med tilsetjing, gav også gode høve til å verke rådgevande og assisterande for sivilarbeidarane på kontoret, og viser at prosjekt er viktige ikkje berre for saka si skuld men også for NVH som organisasjon.

### ***Søppelminimering***

Sverre Stakkestad har engasjert seg sterkt for å minke reklamemengdene folk flest får i postkassene sine. Dette har han gjort gjennom å samarbeide med ulike avfalls-selskap og Barne- og Familiedepartementet for å sende ut klistrelappar med ”reklame? nei takk!”-merker. Tankane kom til hausten 2001 og prosjektet vert sett i gong for fullt no i 2002.

### ***Modellfly i hekkeområde***

Ivrige modellfly-entusiastar i Åsane var ute og testa modellflya sine på Haukåsmyra også midt i hekkesesongen til vipene. Dette er strengt ulovleg, og Anders Bjordal fekk gjennom avisoppslag, stoppa ferdsla i hekkesesongen. Området har vore eit av dei største vipehekkings-områda på Vestlandet.

### ***Blekkulf***

Blekkulfgruppa i Bergen har ikkje vore aktiv på nokre år no, men hausten 2001 var det nokre Blekkulfaktivtetar for små miljøvernarar. På Byfjellsdagane vart det arrangert natursti for dei minste. Alle Blekkulfmedlemer vart invitert til Blekkulf førestilling i Grieghallen og i tillegg hadde vi ein Blekkulf-verkstad der Yvonne Thoresen frå Blekkulf i Oslo kom og lærte born og vaksne om blekkulfklubbar og korleis ein lagar sine eigne Blekkulfar, Sprelliner m.m. Kontaktperson for Blekkulf i dag, er Silje Strand.

## **Landsstyret og landsmøtet 2001**

### **Landsstyret 2001-2003**

Sigrun Haarklau ble valgt inn i landsstyret for denne perioden. Ho var til stades på landstyremøta 14.09.01 og 24.11.01- 25.11-01. Sigrun har her orientert om Sellafieldarbeidet vårt og den viktige golfproblematikken på Herdla. På landsstyremøtet 09.02 -10.02 02 representerer Edvard Sandvik NVH. Årsaka til dette er at både fast landsstyrerepresentant og vara Klaus Rasmussen ikkje kan stille denne gongen.

### **Landsmøtet 2001**

NVH var representert med seks delegatar på landsmøtet i Mandal i juni 2001. Delegatane var Mekonnen Germiso, Heine Askeland, Marny Berg, Silje Strand, Unn Jenny Utne Kvam og Sigrun Haarklau. Utne Kvam var med i ordstyrarkorpset og Germiso sat i redaksjonskomiteen for arbeidsprogrammet og Strand sat i Miljøpolitisk plattform- komiteen.

### **Tilsette**

I 2001 har vi hatt 2 tilsette sivilarbeidarar frå 7. januar 2001. Heine Askeland og Kenneth Gangstø har vore her gjennom heile tenesta, og skal dimmitere i mars. I tillegg har vi hatt prosjekttilsette i denne perioden: Mekonnen Germiso på Sykkelprosjekt, Silje M. H. Strand på Organisasjonsutviklingsprosjekt og i januar 2002 vart også Bente Fuglseth prosjekttilsett på Sellafield-prosjektet. Vi har i dag ikkje nok midlar til å tilsetje ein fylkessekretær fast. Ein må difor baserer mykje av drifta på eksterne midlar. I tillegg har Kari Vogt og Eva Fidjestøl arbeidd her svært mykje som friviljuge.

### **Kontorfellesskapet**

Vi er framleis i eit kontorfellesskap med andre miljøorganisasjonar i Bergen. Leigetakarane har i 2001 vore Vestlandet Natur og Ungdom (fram til august-01), Miljøheimevernet og Framtiden i Våre Hender. I vår kjem kontorfellesskapet i tillegg til å verte utvida med Norsk Bonde- og Småbrukarlag (Unn Jenny Utne Kvam som også sit i sentralstyret til NNV), Bergen Natur og Ungdom og Vestlandet natur og Ungdom. Det kjem nok til å bli temmeleg trangt til tider, men det er bra med stor aktivitet!

### **Trykksaker og publikasjonar**

NaturVest har kome ut i 4 utgåver. Tema har vore:

Nr.2 : Energi

Nr.3 : Sykkel & Kystsone

Nr.4 : Valg & Samferdsel

Nr.5 : Sellafield & Avfall

Nr.1 var kun ei enkel A4 utsending med årsmøteinncalling. Opplaget har vore rundt 2500 per utgåve. NVH sine internettsider har blitt oppdatert med jamne mellomrom gjennom heile året. Dei gjenspeglar aktiviteten i organisasjonen.

NVH har også i år kjøpt inn NNV sine kalendarar og vi har selt desse vidare til medlemmer lokalt. I år var talet ca 60 stk.

### **Omlegging av rekneskapet**

Gjennom 2001 har NVH lagt om rekneskapssystemet sitt. Rekneskapsførerar ynskte avløyning, og ein oppretta eit økonomiutval (Hermstad, Strand og Jacobsen fram til sommaren. Etter

sommaren erstatta Sandvik Hermstad) som har ansvaret for økonomien i tillegg til ein ekstern rekneskapsfører (Marianne Bjørøy på AOF rekneskapskontor). Alle kontoar er flytta til Sparebank 1 Vest og økonomiutvalet har etter kvart fått god oversikt over NVH sin økonomi. Vi skal betale moms på Natur Vest, og vi vart registrert i momsregisteret dette året.